


Livsglad sjømat i snart 70 år.

09.12.2016



Framsida av boka Livsglad mat frå HAVET.

Brødrene Hjønnevåg AS har i snart 70 år produsert og seld fiskemat i store deler av landet. Med oppstarten i 1948 og fram til i dag har verksemda tilpassa seg skiftande tider og produsert sjømat kundane etterspør. Bedriftshistoria til Hjønnevåg i tre generasjonar er samla og gjort kjend i ei vakker og tiltalande bok i dag. Forfattar er Sjur Tjelmeland. Grafisk design: Liv Jorunn Aga. Det er stort sett brukt munnlege kjelder. Noko er henta frå private og offentlege arkiv. Biletstoffet er stort og variert.



Gudrun Karina og Henrik Hjønnevåg gifta seg i 1934, kom til Uskedalen i krigsåra, starta verksemda Hjønnevåg i 1948. Henrik frå Hjønnevåg i Solund kommune i ytre Sogn dreiv med brønnbåt på kysten fram til krigen. Tyskarane konfiskerte Norholm 1 alt 9. april 1940 og Henrik med familien flytta og busette seg på Haugland i Uskedalen. Henrik fekk seg arbeid på hermetikkfabrikken som lakar. Med erfaring og stor kunnskap til fiskemat starta han så verksemda Hjønnevåg i 1948,- den fyrste tida i Rosendal, så i kjellaren i eige hus på nedre Fet. Større og meir moderne produksjonlokale kom seinare på Eikelandet og på Børneset.

Fiskebilen i perioden 1958 - 1981 er ein viktig del av bedriftssoga til Hjønnevåg. Fersk fisk vart levert på døra og fram til alle bygder med veg. To sjåførar vert framheva i boka. Det er Johannes Kjærland og Terje Ljostveit. Med sin tillitsfulle veremåte hadde dei god kontakt med kundane og stod for eit godt sal. Ei stabil arbeidskraft har alltid vore viktig for Hjønnevåg. Mange kom frå gardsarbeid og hadde erfaring med det å måtta ta eit tak. 1960 talet med storindustri og kraftutbygging var ei god tid for Hjønnevåg med auka omsetnad.

Det vart spurt om kva som er bedriftssuksessen til Hjønnevåg med stabil drift i snart 70 år. Forfattaren, Sjur Tjelmeland, har svaret: Du må ka kunnskapen og vita kva du driv med. Du må gjera det du skal til rett tid ut frå ein avtale. Du må produsera ei vare kunden og markedet etterspør. Det handlar med andre ord om fagkunnskap, logistikk, arbeid og strenge krav til kvalitet.

Boka Livsglad mat frå HAVET vert lagt ut for sal på bokhandelen i Rosendal, på Husnes og i nokre daglegvarebutikkar. Mange vil ha store glede av boka og det er ei sikker julegåve i år. Opplaget er 1000 eks. Prisen er kr. 300,-

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Familien Hjønnnevåg saman med forfattar Sjur Tjelmeland. F.v: Inger Hjønnnevåg Heimvik, Alf Hjønnnevåg, Sjur Tjelmeland, Kari Hjønnnevåg, Marit Hjønnnevåg og Harald Hjønnnevåg.